



BYKLE  
KOMMUNE

## KULTURMIDLAR

### Retningslinjer for tildeling i Bykle kommune

#### 1. Føremål:

- Kulturmidlane skal sikre eit breitt og mangfaldig kulturtilbod i tråd med kommunen sine langsiktige planar.
- Tilskotet skal vere eit bidrag til å dekke delar av utgiftene til laget.
- Målet er eit sterkt og uavhengig kulturliv som fremjar felles kultur, folkehelse og livskvalitet for flest mogleg innbyggjarar.

#### 2. Vilkår for søkjar: For å kunne søkje om kulturmidlar må organisasjonen oppfylle følgjande krav:

- Vere registrert med organisasjonsnummer og ha hovudaktiviteten sin i Bykle kommune.
- Ha eit valt styre og drift i samsvar med gjeldande regelverk for lag og organisasjonar.
- Vere open for alle og synleg i lokalsamfunnet med tilgjengeleg kontaktinformasjon.
- Vere i kontinuerleg drift og vere aktiv i søknadsperioden.
- Ved ei eventuell oppløysing skal attverande midlar/formue førast tilbake til kommunen eller eit anna lag i kommunen.

#### 3. Krav til søknaden:

- **Frist:** 1. april. Søknaden skal sendast elektronisk via kommunen si heimeside.
- **Dokumentasjon:** Søknaden er ikkje gyldig utan vedlagt årsmelding, revidert rekneskap og budsjett for søknadsåret.
- **Handlingsplan:** Det skal leggjast ved ein enkel plan for planlagde aktivitetar og målsettingar.
- Mangelfulle søknader vert ikkje handsama.

**4. Kriterium for tildeling og prioritering:** Ved vurdering av søknaden vert det lagt særleg vekt på:

1. **Barn og unge:** Lag som driv arbeid for barn og unge vert prioriterte høgast.
2. **Aktivitetsnivå:** Omfanget av tilbod og aktivitetar retta mot målgruppene.
3. **Eigeninnsats:** Det vert kravd eigeninnsats i form av medlemskontingent og dugnadsarbeid som står i høve til aktiviteten.
4. **Økonomisk behov:** Laget må gjere greie for kostnadsnivå og eventuell høg kapitalbehaldning.

**5. Ein kan søkje støtte til:** Midlane vert fordelte på fire hovudområde for å sikre både stabilitet og utvikling:

- Drift: ca. 50 %
- Arrangement: ca. 20 %
- Investering: ca. 15 %
- Reparasjon og vedlikehald: ca. 15 %

Det kan gjevast støtte til både drift og investering innan same søknad. Ved vurdering av søknadar skal investeringar som bidreg til meir effektiv, berekraftig og langsiktig drift av laget eller organisasjonen kunne prioriterast, uavhengig av fordelinga mellom hovudområda.

**6. Tiltak som fell utanfor ordninga:** Det vert som hovudregel ikkje gjeve tilskot til følgjande:

- **Verksemd utanfor kommunen:** Lag og organisasjonar som ikkje har aktivitet eller eit fast tilbod i Bykle kommune.
- **Politiske parti og aksjonsgrupper:** Tiltak i regi av politiske parti eller verksemd knytt til politiske aksjonar.
- **Interesseorganisasjonar:** Organisasjonar som primært har som føremål å vareta yrkesmessige eller økonomiske interesser.
- **Ekskluderande verksemd:** Organisasjonar eller tiltak som ikkje er opne for alle, eller som krev medlemskap basert på ekskluderande kriterium.

- **Kommersielle tiltak:** Reint kommersielle prosjekt eller verksemd som har som hovudmål å generere privat økonomisk gevinst.

**7. Handsaming** Fordeling av kulturmidlar vert handsama av Formannskapet og Kommunestyret, med Kommunestyret som klageinstans.

Revidert 25.02.2026

*(Saksmappe 2026/27 Formannskapet 20.01.26, Kommunestyret 29.01.26)*